

Møtereferat

Møte: Møte AU Nord
Tid/Sted: Måndag 12.11.18 kl 13.45 – kl 18.30 på Thon Hotel Nordlys, Bodø
Tilstede: Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Ragnhild Engan, Bente Børsheim, Birgitte Rørvik Bruun, Fred Tore Fagereng, Merethe Sund, Svein Inge Jakobsen og Arne Flatmo
Forfall: Bjørn Arne Skoglund
Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Nord og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 12.11.2018

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Orientering frå styret Merethe orienterte om utfordringar med innføringa av SAP på Nortura Malvik, inkl konsekvensar for Totalmarknad. Sal i daglegvare og PROFF. Økonomi. Vedtatt omsetningsavgift for 2019. Bransjeretningslinjer for dyrevelferdsprogram slaktegris. Resultat av spørjeundersøkinga hos medlemmane vedk grovførsituasjonen. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">Eksport av sau til Singapor og Oman kan ikkje vere ei permanent løysing, vi kan ikkje produsere for eksport.Mogeleg vidare eksport til Oman, føresett at det ikkje vert tap.Halalslakta? Mindre tap ved eksport enn til destruksjon. Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.	
2	Transport og økonomi – spørsmål frå AU Nord til styret Svein orienterte om at det er purra på svar frå styret. Arne Kristian Kolberg har no gjeve tilbakemelding om at svar på tematikken vil verte presentert på styremøtet 21. november. Tematikken er relevant og skal svarast ut skikkeleg. Svein orienterte vidare om talen han skal halde for RU-møtet i morgon. <u>Innspel/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">Er det mogeleg å få til det som vert skissert vedk Nord-Norge trekket? Må vere praktisk gjennomførbart.Vere veldig forsiktige med å framstille dette på ein måte som kan føre til endra distriktstilskot. Heller vinkle det mot det grønne skiftet og regional foredling for reduserte miljølempar. Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.	
3	Orientering frå Medlem region Nord Brit Kari orienterte om aktivitetsplan 2019. Svein Inge orienterte om skyving av slakt i haustsesongen, småfeslakting vekene 34 – 45, storfe- og svineslakting t.o.m. veke 44. Nisje, retur og medlemskjøp. Foredling i Målselv. Polarlam, Thulefjord og Vegagris. Livdyrformidlinga. Sal av sau som medlemskjøp i region Nord. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">Begrensa frysekapasitet kom ikkje godt fram i infoen før sesongen. Folk er slett ikkje fornøgd med skyvinga.Må få fram innsparinga med skyvinga og sparte overtidstimar.	

- Kostar retur og nisje for lite i forhold til reell kostnad?
- Oppfordre adm til å sjå på kostnad i forhold til inntekt på retur.
- Kvifor reduksjon i foredlingsvolumet ved Nortura Målselv?
- Saknar info om pris på t.d. kjøtdeig inn til kjedene, for å setje fokus på kva prisen er frå grossist til butikk.
- Tillet vi at nokon som ikkje er medlem eller i familie med medlem, kan handle i Medlemsbutikkane?
- Kan vi få reaksjonar frå kjedene ved å opne for sal til alle frå Medlemsbutikkane?

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering. AU etterspør informasjon om prisetjing mellom EMV-varer og merkevarer frå Nortura til grossist, som gjer at merkevarene, t.d. Gilde kjøtdeig, framstår med lågare fortjeneste til butikk enn EMV.

4 Høyringssak: Kva type rådgjeving treng Nortura-bonden

Brit Kari gjekk gjennom innspela frå kretsane. Forslag til oppsummerande vedtak: Nortura må ha rådgiving knytta til tilførsel i egen organisasjon. Inkludert i denne tenesta må være mottak og rekruttering av nye brukere. Ellers kan Nortura samarbeide med andre rådgivingstjenester om faglig rådgiving på de ulike fagområder. Denne rådgivinga skal være brukerfinansiert. Nortura må samarbeide med andre rådgivingstjenester om å utnytte ny teknologi og nye arbeidsmåter i rådgivinga.

Innspel/kommentarar:

- Dersom det er dårleg økonomi på bruket, kan betalt rådgjeving vere utfordrande, og dermed utfordrande å betre produksjonen.
- Betalt rådgjeving er vegen å gå.
- Fortsatt ha rådgjeving tilknytt tilførselsarbeidet, t.d. til besøk tilsvarande som hos slaktegrisprodusentar. Ellers betalt rådgjeving, samordna i næringa. Tilførselsarbeidet vanskeleg å setje nokon pris på, men viktig for Nortura sin produksjon.
- Fagmøter bør vere gratis
- Støttar forslaget til oppsummerande vedtak. Leggast fram for RU-møtet.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering. Legg fram forslag til oppsummerande vedtak for RU-møtet.

5 Førebuing av RU-møtet

- Gjennomgang av køyreplanen
- Utvelging av mest aktive kretsutval.

Vedtak: AU kårar Øst-Finnmark til mest aktive kretsutval 2018.

6 Orientering frå fagutvala

Ragnhild orienterte frå fagutval småfe. I siste møte hadde dei ei orientering frå Noridane. Eksport av sau. Saker til jordbruksforhandlingane, m.a. beitetilskot, ikkje redusert lammeslakttilskot for fokus på produksjon. Info frå Kjell Rakkenes med fokus klima. Info frå sal og Totalmarknad. Kontraksproduksjon på Sommarlam.

Birgitte orienterte om at ho har følgd prosessen med overgang frå Midt til Nord på livdyr.

Bente orienterte om overproduksjon og tiltak. Ikkje tilstrekkeleg nedgang i semintala. Oppfordra til færre purker. Griseløftet: Auka sal.

Fred Tore orienterte om møte i fagutvalet på onsdag. Skal då ha oppe tema som sal, spesialitetar inkl Norsk kjøttfe, statsbudsjettet, Totalmarknad og organisering inntransport.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

7	<p>Nordland treng fleire Helsestorfebesetningar Fred Tore orienterte om at det i sommar var utsendt info, men berre som vedlegg, utan utfyllande tekst</p> <p>Vedtak: Arne sender ut infoen på nytt med utfyllande info.</p>	Arne
8	<p>Eventuelt</p> <ul style="list-style-type: none"> • Medlemsbutikk Harstad: Birgitte tok opp ynskje frå sine ansvarskretsar. Vert klar for opning rundt årsskiftet. • Telespor: Ragnhild etterspurde info om status frå Endre, som er ny styremedlem i selskapet. Ny leing på gang. Vore ein del trøbbel med funksjonalitet i sommar, saknar info. AU Nord ynskjer tilbakemelding på kundeoppfølging. Endre sjekkar. • Lammeringar: Ragnhild etterspurde bruk av lammeringane til innmelding utanom sesongen. Svein Inge fylgjer opp. • Mulighetsrom storfe i region Nord: Kva gjer vi i region Nord for å ta vår andel av produksjonsauken? Svar frå Arne: Fellesprosjekt i næringa, så Inagt har Fylkesmannen i Troms og Fylkesmannen i Finnmark og Sapmi Agri har gjeve tilslag på søknad om støtte. Manglar svar frå Fylkeskommunane. Jobbast med vidareføring av Kjøtt i Nordland. • SAP: Ragnhild har høyrte at systemet er ømfintleg for feil. Kva då med lammeringar der det vil verte innmeldt eit antal, men kanskje levert med endringar? Kan dette handterast? • Norturas tilførsel i region Nord: Ragnhild tok opp at det har vore mykje støy i region Nord og Midt pga skyving. Må forklare folk at å forlate samvirke, der vi kan misste marknadsreguleringsansvaret, får store konsekvensar for næringa. Mottaksplikta viktig. Fokus på samvirke på krets- og fagmøter? • Flytte neste tlf møte AU Nord frå fredag 14.12 til tysdag 18.12. 	<p>Endre</p> <p>Svein Inge</p> <p>Brit Kari</p> <p>Brit Kari</p>